

Kulturdepartementet

Bergen, 10.10.2017

Prosjektskildring

Sikringshytte ved Kalvedalen Turisthytte

Kalvedalshytta

Kalvedalshytta ligg 400 moh. ved Storavatnet i det verna Eikefetvassdraget, mellom Romarheimsdalen og Masfjorden. Hytta blei bygd i 2001 og har sengeplass til 20 personar.

Hytta ligg i eit område som har lang sommarsesong med snøfri sti frå tidleg vår og langt utover hausten. Området har fine tilhøve for fiske og friluftsliv. Mellom grønne dalar og fiskevatn reiser gråfjell seg på over 800 moh. Like ved hytta ligg eit stølsmiljø der den eldste bygninga er datert tilbake til slutten av 1700-talet.

Kalvedalshytta ligg lengst vest i hyttenettet i Stølsheimen. Frå Kalvedalen kan ein gå til Dyrkolbotn Fjellstove og vidare inn i Stølsheimen via Skavlabu, Vardadalsbu osv.

Det er enkelt å nå hytta frå Stussdalen som er ei rute godt egna for barnefamiljar. Om ein vil ha ein lenger og meir utfordrande tur kan gå frå Nord-Kvingo i Masfjorden eller Andvik inst i Masfjorden.



Prosjekt - sikring

To hytter på eitt tun gir sikring dersom det skulle oppstå problem på den eine hytta og bidrar slik til tryggleik i fjellet. Alle nye hytter i DNT byggjast med sikringshytter. BHT freistar å utstyre alle sine hytter, gamle som nye, med sikringshytter.

Prosjekt – kapasitetsauke

Kalvedalen Turisthytte ligg i eit flott turområde som BHT gjerne vil legge betre til rette for fellesturar og grupper på tur. Den eksisterande hytta er ikkje eigna for større grupper då den er lita, trong og mørk. BHT ynskjer å sette opp ei sikringshytte med 14-16 sengeplassar inkl. madrassar på loft. Det skal også leggjast til rette for hund på sikringshytta og det skal vere lagerplass for utstyr til båt og kano samt ved.

Det er ofte veldig fullt på Kalvedalshytta på godversdagar og i helgar. Hyttetilsynet har lenge ynskt seg større kapasitet. Auke i kapasitet vil også føre med seg større besøk og større bruk av området.

Hytta skal byggast i tråd med miljøet rundt og skal vere ei klassisk turlagshytte som glir godt inn i eit stølsmiljø. Hytta skal ligge om lag 40 meter frå hovudhytta.

Hytta skal prosjekterast i løpet av hausten 2017 og skal byggast i løpet av sesongen 2018.

Budsjett

Prosjektet har budsjetttramme på 2 800 000 kroner. Vi søker 1 000 000 kroner frå Kulturdepartementet. Vi søker også om bidrag frå Olav Thon stiftelse og SR-bankstiftinga. BHT stiller med eigenkapital på 900 000 kroner. Sjå vedlagt budsjett for detaljar.

Beste helsing,



Johnny Bjørge
Hytte- og rutesjef